



Arkivnr: 2018/17460-135

Saksbehandlar: Hanne Espe

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.11.2019

## Lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom 2019

### Samandrag

#### Informasjon om ordninga

Kommunar og frivillige organisasjonar kan søkje på denne ordninga for tiltak innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for barn og unge. Målet er å auke den fysiske aktiviteten til barn og unge gjennom lavterskel aktivitetstilbod i nærmiljøet. Gode prosjekt blir støtta med tilskot frå 10.000 til 100.000 kroner. Fylkeskommunalt tilskot kan ikkje vere høgare enn 50% av dei totale ressursane for prosjektet.

Det er definert 5 prioriterte prosjekt innanfor tilskotsordninga:

1. Tiltak for å nå minst ein time fysisk aktivitet kvar dag i grunn- og vidaregåande skule
2. Tiltak knytt til utvikling av aktive og attraktive skulegardar
3. Tilskot til oppstart og vidareutvikling av opne idrettsanlegg for eigenorganisert aktivitet for barn og ungdom
4. Tilskot knytt til sykkelvanar for barn og unge
5. Tiltak retta mot inkludering gjennom idrett og friluftsliv

#### Tildeling av midlar

Etter siste søknadsrunde med frist 1. oktober 2019 var det kome inn 7 søknader innanfor dei prioriterte områda. Ikkje alle søkjarane fyller kriteria for ordninga. Fylkesrådmannen rår til tildeling vist i tabell i forslag til vedtak.

#### Bruk av restmidlar

Denne tilskotsordninga vart endra ved årsskiftet ved at andre ordningar vart implementert. Dessverre vart ikkje totalsummen for tildeling justert, og difor står vi igjen med ein restsum som ikkje er tildelt. Samla står det igjen kr 459.800,- på denne ordninga etter fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak i denne saka. Fylkesrådmannen tilrår å disponere restsummen frå ordninga til satsing på nyskapande aktivitetsanlegg, og samarbeidet med Lokale og Anlægsfonden (LOA-fonden) i Danmark, der det er trong for midlar for å få best mogleg framgang i prosjektet allereie i 2019. Vestland fylkeskommune har inngått ein intensjonsavtale med LOA-fonden med mål om å skape anlegg med høg funksjonell kvalitet og ei utforming som kan inspirere den framtidige utviklinga av aktivitetsanlegg for idrett, kultur og fritid (vedlagt). Tiltaket er forankra i *Anleggspolitik og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020-2024*. Eit av fokusområda er ei sterkare satsing på gode uteområde ved skulane i fylket. Fem skular skal ved m.a. eit godt kunnskapsgrunnlag og brei medverknad skape nokre gode modellar for vidareutvikling av attraktive, heilskaplege skuleområde. LOA vil bidra med sin kompetanse inn i enkelte av desse prosjekta.

**Økonomi:** Det var totalt kr 2.540.000,- til fordeling over budsjettpost 400.420.10. Det er tildelt kr 2.080.000,- så langt i 2019. Forslag til bruk av restsum ligg i forslag til vedtak, punkt 2.

**Folkehelse:** Tiltaka er med å gjennomføre det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar.

**Regional planstrategi:** Tiltaka er med på gjennomføring av punkt 2.2 i regional planstrategi: Eit inkluderande samfunn.

### Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 140.000,- over budsjettpost 400.420.10 som vist i tabell:

Søkjjar	Prosjektnamn	Søknadssum	Innstilling
Bremnes idrettslag	Stjernelag	20000	0
Austrheim kommune	Utviding av sanseløype	37000	37000
Dale Oen Experience	Etablering av hinderløype	100000	0
GMB Aktiv helse AS	Fysisk aktivitet og glede ved bevegelse	76000	0
Os Sposrtsskyttarlag	Oppstartsmidler	46000	0
Voss Røde Kors Lokalforening	Livslang skiglede, inkludering og mangfald i skibakken	67840	68000
Aktiv i Modalen	Turmålsgapahuker i lett tilgjengelege turområder	35000	35000
			<b>140000</b>

2. Restsum på kr 460.000,- vert overført til satsingsområde nyskapande aktivitetsanlegg og gjennomføring av samarbeidsavtalen med Lokale og anlægsfonden (Danmark).

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*